

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

**Møtestad:** Lunde turiststasjon

**Dato:** 29.6.2015

**Tidspunkt:** 9:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post eller tlf. 57 64 31 39 / 47 63 91 65.  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Ta gjerne med klede og fottøy til tur slik at vi kan ta ein kikk på arbeidet som er gjort på stien opp Lundeskaret dersom vi får tid.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 14/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 15/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 16/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å nytte motorkøretøy til Bødalsseter		2015/2381
ST 17/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om godkjenning av utført arbeid på sel på Ruteflotsetra		2015/2384
ST 18/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å skifte tak på sel på Ruteflotsetra		2015/2383
ST 19/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - framlegg til avtale om oppgradering og vedlikehold av stien opp Lundeskaret		2015/2382
DS 1/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til motorisert ferdsel i Brenndalen		2015/688
DS 2/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til helikoptertransport til Ruteflotsetra og Framsetra		2015/1114
RS 2/15	Orienteringar		
RS 3/15	Revidering av forvaltningsplanen - gjennomgang og diskusjon av førsteutkast til kapittel om motorferdsel		

**ST 1/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll**

Arkivsaksnr: 2015/2381  
Saksbehandlar: Christian E. Pettersen  
Dato: 24.6.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	16/15	29.6.2015

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å nytte motorkøyretøy til Bødalsseter**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Søknaden om å nytte motorkøyretøy til Bødalsseter, med heimel i naturmangfaldlova § 48, vert avslått.

### **Saksopplysningar**

#### **Dokument i saka**

- Søknad frå Dörthe Jäschke, datert 19.6.2015
- Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

#### **Søknaden**

Søkjjar har fleire fysiske handicap som i sum dannar ei funksjonshemming. Denne funksjonshemminga er referert i søknaden og kan vidare dokumenterast av helsepersonell. Søkaren er medlem i DNT, og ynskjer å køyre fram til og overnatte på nokre av DNT sine hytter. Deriblant Bødalsseter. Køyringa vil da skje langs traktorvegen frå parkeringsplassen fram til DNT-hytta, eit strekke som ligg innanfor nasjonalparken. Søkaren ynskjer også å gjenta turen til setra seinare år, og eventuelt også få ein dispensasjon for ein ledsager til å vera med.

#### **Lovgrunnlag**

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til motorferdsel med føremål persontransport. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom «det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Ved utøving av offentleg mynde skal òg prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer for vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

## Vurdering

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Naturen sine eigne lydar, «stillheit» og fråvere av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit absolutt minimum. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står fylgjande om motorisert ferdsel til den type føremål det er søkt om her:

«Å vere funksjonshemma, sjuk eller gamal er i seg sjølv ikkje god nok grunn til å få dispensasjon for motorferdsel. Vi vil vere svært restriktive ved handsaminga av denne typar søknader. Det er m.a. mange andre stader ein kan nå attraktive høgfjellsområde (også i rimeleg nærleik) med bil. Heller ikkje etter lov om motorferdsel i utmark med tilhøyrande forskrifter er det høve til å gje slike løyve.»

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Dersom desse to vilkåraer oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita si skjønn innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer og instruksar frå overordna myndigheit å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

I kommentarutgåva til naturmangfaldlova (Inge Lorange Backer 2010) er omsynet til søkjaren sine interesser generelt, og funksjonshemming spesielt, omtala slik:

«Søkerens egne interesser er ikke tilstrekkelig til at dispensasjon kan gis. Det gjelder både for personlig og næringsmessig (økonomisk) interesse. I praksis kan hensynet til søkeren selv lettest ivaretas ved dispensasjon etter det første alternativet, nemlig når tiltaket ikke strider mot verneformålet og heller ikke skader verneverdiene nevneverdig.

Funksjonshemming er altså ikke i seg selv tilstrekkelig til å gi grunnlag for dispensasjon til motorferdsel i et verneområde. Både verneformålet og prinsippet om samlet belastning vil i mange tilfelle gjøre at det ikke er rettslig adgang til å gi slik dispensasjon for funksjonshemmete generelt. Dette kan ikke anses for å stride mot forbudet mot indirekte diskriminering i lov 20. juni 2008 nr. 42 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne § 4 første jf. tredje ledd. Men har den funksjonshemmete en nærmere

tilknytning til området, kan det få betydning ved skjønnsutøvingen og gi grunnlag for dispensasjon for enkeltstående turer.»

Ut frå søknaden har ikkje søkjar nokon spesiell tilknytning til Bødalsseter, og sjølv om ein tur inn og tilbake att isolert sett ikkje har eit problematisk omfang vil det kunne føre til ein uheldig presedens. Presedensen vil kunne føre til at det blir gitt liknande løyve som igjen vil føre til ein stor samla belastning på økosystemet (jf. naturmangfaldlova § 10). Utstrakt bruk av motorisert ferdsel i nasjonalparken kan vere til skade for fugle- og dyreliv, samtidig som det er eit uromoment som er forstyrrande for naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv. Tiltaket er difor i strid med verneføremålet og kan påverke verneverdiane nemneverdig, og det er difor ikkje heimel til å gi løyve etter naturmangfaldlova § 48.

Sidan eg vurderer det til å ikkje vere heimel til å gi løyve etter naturmangfaldlova § 48, går eg ikkje nærare inn på vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Arkivsaksnr: 2015/2384  
Saksbehandlar: Christian E. Pettersen  
Dato: 24.6.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/15	29.6.2015

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om godkjenning av utført arbeid på sel på Ruteflotsetra**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under, for:

- Oppføring av dobbeltfalsa panel på veggene, og legging av ståltak med kantete profil

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, pappa og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.

### **Saksopplysningar**

#### **Dokument i saka**

- Søknad frå Ole Simen Nesdal datert 16.6.2015
- Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

#### **Søknaden**

Etter oppmoding frå nasjonalparkforvaltar søker Ole Simen Nesdal om å få godkjent arbeidet/endingene han utførte på sitt sel på Ruteflotsetra i starten av juni i år. Det gjeld reparasjonsarbeid som vart utført for å berge selet som før dette tidspunktet var i svært dårleg forfatning. Arbeidet vart oppfatta som ikkje-søknadspliktig av sækjar. Følgjande tiltak vart utført:

- Nytt tak. Det gamle taket av bølgeblekk med runde former var tett, men bar preg av elde og midlertidighet og vart bytta ut med eit ståltak med kantete profil.
- Nytt vindauga og ytterdør. Dei gamle var borte/øydelagt.
- Nytt golv av tre. Frå før var det betong-/jordgolv.

- Ny omn/pipe. Den gamle var øydelagt.
- Ny kledning. Selet var kledd på ei side frå før med enkel/provisorisk kledning, men denne var stort sett falt av. For å redde det gamle laftet vart heile bygget kledd inn slik at det er beskytta mot ver og vind. Materialtypen som vart nytta er dobbeltfalsa panel.

Først- og sistnemnde tiltak er etter forvaltar sitt syn søknadspликтig, mens dei andre tiltaka slik dei er utført ligg innanfor det som kan gjerast utan å søkje (sjå verneforskrifta pkt. IV, 1.2 og 1.3).

## Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta pkt. III omtala slik:

- «å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Ifølge verneforskrifta pkt. IV, 1.2, 1. strekpunkt er ikkje vernereglane til hinder for:

- «at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.»

Vidare står det i pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt at «forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det (kan) når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- bygge, ombygge, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt. 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...)».

## Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Ruteflotsetra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslina for kulturminne og bygningar omtala slik: «Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.»

Vedlikehald av bygningar i nasjonalparken krev normalt ikkje løyve. Vilkår er da at arbeidet tek utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og at arbeidet ikkje medfører vesentlege endringar av fasade. I dette tilfellet må nokre av enkeltendingane og summen av arbeidet som er utført på bygningen seiast å ha



endra byggets karakter, og skulle såleis vore meldt til forvaltningsstyresmakta slik at det kunne vore gjort ei vurdering av tiltaket etter verneforskrifta og innleia ein dialog om løysingar for reparasjonen.

Enkeltendingane som forvaltar meiner det burde ha vore nytta andre løysingar/material for er oppføringa av kledning med dobbeltfalsa panel på veggene og skiftet til ståltak med kantete profil. Etter eit visst skjønn kan desse endringane likevel sjåast på som forenelige med byggjeskikken på staden og godkjennast i dette tilfellet.

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrnlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølsane er difor høgt (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til nokon som helst belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, papp og anna som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Arkivsaksnr: 2015/2383  
Saksbehandlar: Christian E. Pettersen  
Dato: 24.6.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	18/15	29.6.2015

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om å skifte tak på sel på Ruteflotsetra**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under for:

- Legging av ståltak med kantete profil på taket på eit sel på Ruteflotsetra

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.

### **Saksopplysningar**

#### **Dokument i saka**

- Søknad frå Steinar Nesdal datert 15.6.2015
- Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

#### **Søknaden**

Steinar Nesdal søker om å bytte ut det noverande bølgeblekktaket på selet sitt med eit ståltak med kantete profil. Selet hans har vasslekkasje i utselet og rundt pipa på grunn av skader på taket. Undertaket er fuktskada og må også skiftast. Taksperrene er vurdert til å vere gode nok. Dimensjonar, utstikk og vinklar på taket blir uendra. Skorsteinen må også skiftast fordi den brotna rett over taket, og fordi den ikkje er brannsikker i noverande utforming.

## Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta pkt. III omtala slik:

- «å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Ifølge verneforskrifta pkt. IV, 1.2, 1. strekpunkt er ikkje vernereglane til hinder for:

- «at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.»

Vidare står det i pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt at «forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det (kan) når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt. 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...)».

## Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Ruteflotsetra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.»

Med eitt nyleg oppstått unntak har bygningane på Ruteflotsetra tak med bølgeblekk med runde former. Dette må såleis seiast å vere den tradisjonelle byggjeskikken på staden. Å bruke ståltak med kantete profil kan med eit visst skjønn likevel sjåast på som forenelig med byggjeskikken på staden og godkjennast i dette tilfellet.

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrunnlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølsane er difor høgt (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til nokon som helst belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, papp og anna som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at

arbeidet er gjennomført. Reint trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Arkivsaksnr: 2015/2382  
Saksbehandlar: Christian E. Pettersen  
Dato: 24.6.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	19/15	29.6.2015

## **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - framlegg til avtale om oppgradering og vedlikehald av stien opp Lundeskaret**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Nasjonalparkstyret inngår den vedlagte avtalen om oppgradering og vedlikehald av stien opp Lundeskaret.

### **Bakgrunn**

Stien opp Lundeskaret er ein av i alt fem gamle ferdselsårer i og kring Jostedalsbreen nasjonalpark som nasjonalparkstyret har valt å restaurere. Stien leder inn i nasjonalparken, men ligg i si heilheit utanfor grensene. Det er grunneigarane på Lunde som i fellesskap eig stien. Grunneigarane er positive til tiltaket, men ytra tidleg at dei ønskte at det skulle lagast i stand ein avtale for arbeidet. Nasjonalparkforvaltaren og grunneigarane har difor sidan jobba med eit utkast til ein avtale.

Avtalen som nå leggjast fram gjeld i hovudsak to ulike ting: At nasjonalparkstyret får løyve til å utføre sjølve restaureringsarbeidet med montering av ny wire, muring av trappetrinn, etc., og at nasjonalparkstyret i ein periode tek på seg ansvaret for inspeksjon og ev. vedlikehald av dei tekniske delane av stien. Den delen av avtalen som gjeld sjølve restaureringsarbeidet gjev rammer for arbeidet og er berre ein formalisering av det som har vore mål og praksis. Når det gjeld ansvaret for inspeksjon og vedlikehald er dette eit ansvar som uansett ligg på nasjonalparkstyret som tiltakshaver, i kvart fall fram til andre vil ta over, og det er såleis ryddig at det lagast ein avtale om det. Det bør vere eit mål at styret i tida framover fortsett arbeidet med å få til ei ordning der andre tek ansvaret for stien, og styret heller gjeng inn ei rolle som støttespelar som kan bidra med midlar og anna støtte.

## Avtale om oppgradering og vedlikehald av tursti i Lundeskaret i Jølster

Avtalepartar:

Jostedalsbreen Nasjonalparkstyre  
Grunneigarane på Lunde i Jølster

Grunneigarane eig Lundeskaret og turstien opp skaret til grensa for Jostedalsbreen Statsalmenning

Med dette inngår partane slik avtale:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre får tilgang til og ansvar for å oppgradere turstien opp Lundeskaret.

Arbeidet omfattar:

1. Fjerning av gammel, utdatert wire, gamle staur og anna infrastruktur som ikkje lenger er i sikker bruk
2. Montering av ny wire og stadvise nye boltar for trygg ferdsle
3. Flytting av stein, reparasjon av gamle steintrinn og etablering av nye steintrinn der dette er føremålstenleg
4. Bortleiing av vatn frå stien
5. Opprydding og fjerning frå Lundeskaret av utrangert og demontert utstyr
6. Det vert gjeve høve til å lande, plukke opp eller legge frå seg last med helikopter mellombels langs stien
7. Oppgradering av stien skal gjennomførast og fullførast konsentrert over kort tid
8. Nasjonalparkstyret tek på seg ansvaret for vedlikehald av den delen av stien der dette krev spesialkompetanse i ein periode på minst 5 år og som kan fornyast. Dette under føresetnad av at nasjonalparkstyret får tildelt midlar til vedlikehald frå Miljødirektoratet
9. I ein periode på 5 år, og som kan fornyast, skal nasjonalparkstyret kvar vår syte for at stien vert inspisert for skade som følgje av snø, is, vatn, steinsprang, snø- og jordras. Ved påvist behov for utbetring vert dette sett i verk om det vert tildelt midlar
10. Nasjonalparkstyret skal ha fortløpande dialog med grunneigarane langs stien undervegs i arbeidet og varsle tiltak.

Bidrag frå grunneigarane med dugnadstimar til oppgraderingsarbeidet i 2015 vert godtgjort etter avtale med Statens naturoppsyn som leiar arbeidet i felt.

Til grunn for arbeidet ligg rapport utarbeidd i 2012 av Utmarksressurs AS for SNO.

Stad og Dato:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Grunneigarar Lunde gnr 32 i Jølster

Maria C. Knagenhjelm

Atle Lunde

Svein Harald Lunde

Signe Lunde Underdal

Nasjonalparkforvaltar

32/1

32/2

32/3